

Medlemsmøte 071101 i Angedalen hos Laila.

Program: Bolle-eting, bolle-eting, og bolle-eting, og litt diskusjon rundt klubbdrifta og vidare opplegg/planar for aktivitetar og lysbildevise .

Tilstades: Rune, Roald, Laila, Terje S, Terje H, Mari, Petter Erik, Lars Gaute, Dan Inge, Tore, Geir.

Sak 1.Siste nytt om bygging av klubhus/naust.

Rune informerer:

- Plasseringa av klubbhuset er bestemt, både Førde kommune og Førde båtklubb er positive til plassering av klubhus på Øyrane, på den tidlegare rullebana på samme side av Ørane som vi i dag har utgangspunkt for tordagspadlinga, men litt lenger inn mot båthavna ( litt innforbi de nye moloen). Det som gjenstår er det formelle papirarbeidet, med søknader o.s.v.
- Økonomi i forhold til realisering av bygget. Litt peng er det til byggeprosjektet, og resten reknar vi med å få inn i løpet av våren.
- Byggestart satser vi på i slutten av mars/begynnelsen av April, slik at mest muleg er gjort før mai/juni. Satser på at stort sett all bygging vert gjort på dugnad. Vi har masse dugande folk i klubben så dette skal gå kjempebra. Her må alle prøve å få gjort ein innsats !!

Sak 2.Info om kajakkbasen.

Rune informerer:

- Klubben disponerer no ein kajakkbase på 8 stk havkajakkar komplette med utstyr, samt kajakkhenger til totalt 14 kajakker. I tillegg har vi to havkajakkar frå før og to halvfabrikater blir truleg ferdig i løpet av vinteren/våren. Tore Gjelsvik har teke på seg å ta hovudansvar for å klargjere desse. Kjempesupert Tore!!!

Sak 3. Lån/ leige av klubben sine kajakkar.

Styret foreslo for medlemmane ei endring i pris på leige av kajakk. Forslaget bestod av følgjande endringar:

Styret foreslår følgjande endringar på pris ved lån/ leige av klubbens kajakkar:

Lån av kajakk på treningar i klubbens regi : Gratis. D.v.s på torsdagstreningar og ved bassengstrening, e.v.t andre treningar som er organisert frå klubben si side. Dette gjeld ikkje turar organisert av klubben då gjeld prisar som ved lån av kajakk på eige initiativ.

Lån av kajakk på eige initiativ og på turar organisert av klubben :

Dag-pris: 50 kr

1 døgn: 100 kr

2 døgn/ weekend: 150 kr

Utover dette 75 kr ekstra pr. dag ??

Sak 4. Kortsiktig lån hos medlemmane.

Rune informerer:

- Rune har lagt ut 12500kr for kjøp av kajakkar og diverse padleutstyr som ei mellombels løysing i staden for lån frå medlemmane. Denne summen blir no fordelt på klubbmedlemmer, slik det på siste årsmøtet vart gitt klarsignal om at styret kunne gjere. Summen blir fordelt på dei som kan tenkje seg å låne eit beløp på 500-1000 kroner til klubben, slik at Rune får tilbake det han har lånt ut. Dess fleire som er med, dess mindre på kvar. Karna Lise føretok ei ringerunde til medlemmane for å kartleggje kven som kan tenkje seg å vere med på dette og e.v.t med kor stor sum. Det blir og sendt ut eit informasjonsbrev om dette i forkant.

Sak 5: Kursing i padling.

- Kursing i padling /trening på sjøen/rullekurs. Mykje positiv tilbake melding på gjennomføringa av grunnkursa som vart avvikla i vår. Frå dei som har vore instruktørar er det ønskjeleg med fleire instruktørar/ medinstruktørar, så dette er ei oppfordring til dei som kunne tenkje seg å vere med som instruktør. Det er òg kome ønskje om rullekurs, og det vil vi prøve å få til i ei eller anna form. Eit slikt kurs vert ikkje annonser i avisa, men vil vere eit internt kurs i klubben og åpent kun for medlemmar(med grunnkurs eller tilsvarande

kunnskapsnivå???). Instruktørar vil kunne vere Rune , Reidar, Roald og Petter Erik. Terje Sæle ønskte ikkje å vere instruktør.

#### Sak 6: Trening på sjøen:

- Ang. treningane utover vinteren satsar vi på utetreining på torsdagane, med samme utgangspunkt som før, frå stranda ved asfaltverket.

#### Sak 7: Plasking i symjebassengoet.

- Det er ønskje om å leige symjehallen slik at vi kan drive eigentreining på diverse kajakkakrobatikk. Det som då er aktuelt er å leige bassengoet ein og annan laurdag, evt. søndag. Det er og kome ønskje om at vi kan finne på noko sosialt saman etter ei slik økt, noko som er serdeles positivt. Før jul er det travelt for mange, slik at dette blir truleg like etter nyttår.

#### Sak 8: Rullekurs:

Sjå punkt 5.

#### 9. Andre saker:

1. Endring av aldersgrense for medlemmer:

- Rune bringer på bane eit forslag om endring av aldersgrensa for klubbmedlemskap. Dette ut frå dei erfaringane han har gjort etter dei kursa / opplevingsdagane han har gjennomført i vår og sommar med bl.a ungdomskuleelevar. Bakgrunnen er at han, og heller ingen i styret eller i klubben elles, har ytra ønske om / ønskjer å ta det omfattande ansvaret det inneber å ha ikkje-myndige medlemmer med på turar og treningar. Det vart diskutert litt fram og tilbake om dette med aldersgrense og modenheit i forhold til den risikoen det er å padle kajakk, og tross individuelle ulikskapar hjå ungdom så var dei fleste einige om at ein 15-16 åring ikkje har den forståinga av risikomomenta i padlesporten, som krevjast for å delta sjølvstendig på treningar

og turar. Ikkje alle var like komfortable med å utelukke ungdom frå klubben, men ingen av dei som var tilstades hadde ønskje om å ta eit særskilt ansvar for desse. For å ikkje utelukke mulegheita for ungdom ned til 15 års alderen å vere med i klubben, kom der forslag om at ein føresetnad for at ein ikkje-myndig person skal vere med på kurs og treningar i regi av klubben, så må det vere med ein forelder som tek det fulle og heile ansvaret for den ikkje myndige. Det konkrete framlegget til forslag om endring til 18-års aldersgrense vil bli lagt fram for klubbmedlemmane på neste årsmøte.

2. Organisering av klubben. Styret foreslår ei omstrukturering av måten klubben vert driven på. Dette p.g.a erfaringar som er gjort dei to åra klubben har eksistert. Mesteparten av aktivitetene i klubben har i stor grad vore avhengig av Rune og Roald, noko som i lengda ikkje er haldbart. Det er derfor ønskjeleg å få fleire personar inn for å stimulere dei ulike aktivitetane vi ønskjer å drive med, slik at oppgåvene blir fordelt på fleire personar.  
F.eks. kunne det vore aktuelt at ei gruppe var ansvarleg for å sette opp eit turprogram, ei gruppe kunne komme med forslag til sosiale samankomster, det er kome ønskje frå fleire at det kunne vore kjekt å gjere andre ting enn berre å padle ilag, telemarkkøyring, kinogjengeri, "afterpadling" o.s.v. Ei gruppe kunne vore ansvarleg for å sette opp eit kursprogram for kursaktiviteten. Det er opp til medlemmane å kome med ønskjer for kvar vi skal legge lista for klubbens aktivitetar. Dette er kanskje mest aktuelt når det er lågsesong for padling.

Styret ønskjer også at fleire er med og blir ansvarlege for torsdagstreningane, slik at der alltid er ein kontaktperson for kvar torsdag. På denne måten vil det alltid vere minst ein du kan padle ilag med. Slik det har vore i år så har det vore tilfeldig kor mange som har vore på torsdagstreningane, og mange gonger har det vore berre ein person, og det er ikkje særleg kjekt. Ingen blir pålagt å vere treningsansvarleg, men det er ønskjeleg at alle som har gått grunnkurs eller har tilsvarande kompetanse kan vere kontakt ein og annan torsdag. Kanskje kan to og to vere ansvarleg? Jo fleire vi fordeler treningane på jo færre torsdagar

treng vi å vere ansvarlege. Styret vonar dette kan vere med å få opp aktiviteten og kontinuiteten på padlinga framover.